

Informasjonssaker veke 39 (01.10.2021)

Dei faste kommunemøta blir frå 23. september 2021 gjennomført anna kvar veke. Dette skrivet inneheld difor ein del informasjon som vi ønskjer å dele med kommunane.

Innhald

1. Overordna situasjonsvurdering	1
2. Neste kommunemøte torsdag 7. oktober	1
3. Endring i vekerapportering	2
4. Hurtigtestar/sjølvtestar	2
5. Ny kartlegging av kommunelegefunksjon.....	2
6. Endringar i testregime for innreise til landet frå 6. oktober 2021.....	2
7. Endringar i covid-19-forskrifta	3
8. Arbeidsgjevarar, vaksinasjonsstatus og testing	4
9. Spørsmål frå kommunane.....	5
Influensavaksine	5

1. Overordna situasjonsvurdering

I orienteringa som FHI gav til statsforvaltarane i eit møte onsdag denne veka, oppsummerte instituttet situasjonen med å seie dette:

- Den høge vaksinasjonsdekninga hemmar spreinga av epidemien, og vaksinasjon vernar i stor grad dei vaksinerte mot alvorleg forløp.
- Talet påviste tilfelle og innleggingar går ned, og kapasiteten i sjukehusa har ikkje vore trua under perioden med høg smittespreiing etter sommarferien.
- Vi trur at i dei næraste vekene vil epidemien verte noko mindre og føre til færre nye innleggingar.
- Utviklinga gjennom resten av hausten og vinteren er usikker, òg om det vert sett saman med førekomsten av andre luftvegsinfeksjonar.
- Kommunane må halde fram vaksinasjon med full styrke og førebu seg på forenklingar i handteringa av pandemien. Dei må òg ha beredskap for mogleg auke i covid-19 igjen, samtidig med auke i annan luftvegsagens.

2. Neste kommunemøte torsdag 7. oktober

Vi har invitert Helsedirektoratet til å delta i møtet for å orientere om aktuelle tema, særleg har vi bede dei om å informere om:

- Testing - tilrådingar om organisering og gjennomføring av testing i kommunane, og tilgang på utstyr til sjølvtesting.
- Kommunelegefunksjonen - orientering om den nasjonale kartlegginga og om forventningar til vaktordningar i kommunane.
- Forventningar til beredskapsplanlegging i kommunane i tida framover
- Vekerapportering i tida framover
- Tredje vaksinedose

Vi tar svært gjerne i mot andre innspel til kva vi bør ta opp med direktoratet, eller til andre møtetema.

3. Endring i vekerapportering

Etter overgangen til "Normal hverdag med økt beredskap", blir vekerapportering tilpassa frå neste veke. Eigen e-post med informasjon om endringane er sendt til kommunane tidlegare i dag.

4. Hurtigtestar/sjølvtestar

I det faste møtet vi hadde med direktorata og FHI denne veka, informerte Helsedirektoratet om at dei er i ferd med å sende ut nye tre millionar hurtigtestar/sjølvtestar til kommunane.

Det er framleis ikkje råd å legge inn nye bestillingar. Dersom det skulle oppstå kritisk mangel på hurtigtestar/sjølvtestar, og det ikkje er mogleg å låne av ein nabokommune, ber vi om at de tar kontakt med Statsforvaltaren. Helsedirektoratet har eit lite beredskapslager som vi kan be om å få testar frå.

5. Ny kartlegging av kommunelegefunksjon

Helsedirektoratet og statsforvaltarane samarbeider om ei ny nasjonal kartlegging av kommunelegefunksjonen. Det er ei oppfølging av kartlegginga som vart gjort i september i fjor:

<https://www.statsforvalteren.no/vestland/helse-omsorg-og-sosialtenester/helsetenester/samfunnsmedisinsk-beredskap-i-kommunane/>

Vi er invitert til å delta i ei rask høyring av innhaldet i kartlegginga. Vi reknar med at kommunane vil få undersøkinga tilsendt i løpet av kort tid.

6. Endringar i testregime for innreise til landet frå 6. oktober 2021

Helsedirektoratet har bedt oss informere om at regjeringa har beslutta følgjande:

- Alle grenseovergangar til landet blir opna samtidig ved midnatt natt til 6.10.21.
- Reisande med testplikt skal som ein hovudregel framleis teste seg ved grensepassering.
- Men, dersom det ikkje er teststasjon eller teststasjon på grensa ikkje er open, kan ein teste seg innan 24 timar på offentleg teststasjon (antigen hurtigtest).
- Test på grensepasseringsstad blir finansiert via tilskotsordninga, testing på legevakt eller offentleg teststasjon i kommunen blir finansiert som TISK-arbeid.

Reisande frå utlandet som kjem med fly til Flesland, og som har testplikt, skal som ein hovudregel testast ved grensepassering. Test av innreisande i andre kommunar enn grensepasseringsstad vil i utgangspunktet vere aktuelt når den reisande har kryssa landegrensa ein stad der teststasjon anten ikkje var open, eller ikkje har teststasjon.

Alle kommunar skal tilby testing av innreisande med testplikt, som oppsøker testtilbod i kommunen. Det blir ikkje stilt krav til kvar testen skal takast, utover at det må gjerast ved ein offentleg teststasjon og innan 24 timar etter at vedkomande har kome til Noreg.

Test av innreisande skal vere antigen hurtigtest. Ved positiv antigen hurtigtest skal vedkomande ta PCR-test innan eit døgn.

Den reisande må få informasjon om plikt til innreisekarantene og testing (på grenseovergangane skal det skiltast med informasjon om plikt til å setje seg inn i, og følge gjeldande reglar). Den reisande må òg får høve til å teste seg ut av innreisekarantene etter tidlegast tre døgn. Det er opp til kommunen sjølv å bestemme organiseringa av testtilbodet.

Covid-19-forskrifta vil bli oppdatert 6. oktober 2021.

Vi legg ved brev frå Helsedirektoratet ved utsending av referatet.

7. Endringar i covid-19-forskrifta

Det vart gjort store endringar i covid-19-forskrifta i samband med overgangen til "Normal hverdag med økt beredskap".

Helsedirektoratet har bedt oss orientere om nokre supplerande endringar i forskrifta:

a. Ny § 5, 1. ledd:

"Personer i innreisekarantene skal oppholde seg i egen bolig eller annet egnet oppholdssted hvor det er mulig å unngå nærkontakt med andre, med enerom, eget bad og eget kjøkken eller matservering. Personer som ikke har et egnet oppholdssted som nevnt i første punktum, kan oppholde seg på karantenehotell i karantenetiden. Krav til oppholdssted i første punktum gjelder ikke asylsøkere og overføringsflyktninger".

b. Ny § 9b, 1. ledd:

"Personer som kan dokumentere at de er ansatt i Trust Arktikugol med arbeidssted i Barentsburg, og som med vaksinebevis (Covid-19 Vaccination Card) utstedt av Universitetssykehuset Nord-Norge HF – Longyearbyen sykehus kan dokumentere at de er fullvaksinert, jf. § 3 sjette ledd, er fra 15. august 2021 til og med 31. januar 2022 unntatt fra følgende krav når de ankommer Norge for videre reise til Svalbard:

- a. krav om innreisekarantene, jf. § 4,*
- b. testing for SARS-CoV-2 ved grenseovergangssted i Norge, jf. § 4d,*
- c. krav om registrering ved innreise, jf. § 5b".*

c. Oppheving av § 6c, 2. ledd:

Opphevinga av § 6c andre ledd betyr at det ikkje lenger er ei plikt for reiarlaget å syte for at alle personar om bord på eit skip kan halde minst éin1 meters avstand til personar i annan husstand.

Vidare inneber endringa at det ikkje lenger er krav om at passasjerskip berre kan ha inntil femti prosent utnytting av passasjerkapasiteten.

8. Arbeidsgjevarar, vaksinasjonsstatus og testing

Helsedirektoratet ber om at vi dele innhaldet i ein e-post med kommunane:

*“Helsedirektoratet laget høsten 2019 en **Veileder om vaksinasjon av helsepersonell** – med særlig tanke på sesonginfluensa. Lovverket og en rekke av de betraktningene som kommer frem er imidlertid av generell karakter og kan være til nytte i nåværende situasjon. Målgruppen for dokumentet er arbeidsgivere, og arbeidstakere med pasientkontakt som er berørt av regelverket på området.*

Konkret må arbeidsgiver vurdere om det er forsvarlig at ansatte som ikke er immune mot en smittsom sykdom, og som ikke tar imot tilbud om vaksine, arbeider med sårbare pasienter. I tillegg må arbeidsgiver vurdere følgene av smitte i den aktuelle pasient-/brukergruppen, samt den risikoreduserende effekten av vaksinasjon eller omplassering av ansatte.

Dersom virksomhetsansvarlig vurderer at det ikke er forsvarlig at den ansatte jobber med sårbare pasienter, må det etableres ekstra beskyttelsestiltak, eller den aktuelle ansatte må få arbeidsoppgaver som ikke innebærer kontakt med sårbare pasienter. Det vises til ytterligere omtale i veilederen. Det vises også til kapitlet om arbeidsgivers og arbeidstakers ansvar for vaksinerings generelt og til kapitlet om innhenting av opplysninger om vaksinasjonsstatus.

<https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/vaksinasjon-av-helsepersonell/innhenting-av-opplysninger-om-vaksinasjonsstatus>

Utgifter til koronavaksine og vaksinerings dekkes av Staten under covid-19 pandemien. Det er ingen gjeldende strategi for testing på arbeidsplassen. For testing på arbeidsplassen må dette i stor grad kompenseres og organiseres av arbeidsgiver. Helsedirektoratet vil ta en ny vurdering av testing på arbeidsplassen i løpet av kort tid.

Arbeidsmiljølovgivningen gir arbeidsgiver rett til å spørre arbeidssøker om vaksinasjonsstatus når det er nødvendig for at arbeidstaker skal kunne utføre de aktuelle arbeidsoppgavene på en forsvarlig måte. Arbeidssøker har ikke plikt til å oppgi sin vaksinasjonsstatus. Uten denne informasjon kan arbeidsgiver vurdere at det er for stor risiko knyttet til at vedkommende skal utføre oppgaver knyttet til stillingen og bør informeres om dette. Det vises til arbeidsmiljøloven kapittel 9, se §§ 9-1 - 9-3.

https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-62/KAPITTEL_10#KAPITTEL_10

Arbeidsgiver skal vurdere faren for smitte <https://www.arbeidstilsynet.no/tema/biologiske-faktorer/coronavirus-tiltak-i-arbeidslivet-mot-smitte/> og <https://www.arbeidstilsynet.no/>

Kan arbeidsgivere kreve **vaksinering eller koronatesting** av arbeidstakere?

<https://www.arbeidstilsynet.no/tema/biologiske-faktorer/coronavirus-tiltak-i-arbeidslivet-mot-smitte/kan-arbeidsgiver-sporre-om-arbeidstaker-er-vaksinert/> Arbeidsgiver og testing på arbeidsplassen. Se vedlegg.

Testing og helsehjelp – se vedlegg.

Datatilsynet – er vaksinestatus en særlig kategori **personopplysninger**? Se emnet omtalt her <https://www.datatilsynet.no/personvern-pa-ulike-omrader/korona/koronasertifikat--informasjon-til-virkksomheter/>

Merknad: vedlegga frå Helsedirektoratet blir sendt ut saman med dette skrivet til kommunane.

9. Spørsmål frå kommunane

Influensavaksine

Kvam herad v/kommuneoverlege Dag Erlend Skjelbreid har bedt om avklaring om finansiering av vaksinasjon. Han meiner at ordlyden i FHI sitt informasjonsbrev om influensavaksinasjon 2021/2022. er noko sjølvmotseiande.

Vaksinen skal vera gratis for målgruppene men samstundes skal det vera eigenandel hos fastlegane. Kvam herad tolkar det slik at fastlegane tar eigendel på kr 50 (0 ved frikort), og kan i tillegg ta takst for refusjon 150 frå HELFO (200 ved frikort). Med "målgruppene" forstår dei alle i risikogruppene, helsepersonell og andre tilsette i helse- og omsorgstenesta, personar som bur saman med (eller er tilsvarande nære) immunsupprimerte, svinerøktarar og andre som har regelmessig kontakt med levande grisar.

I neste avsnitt står det at vaksinerings i kommunal regi skal vera gratis for risikogruppene. Spørsmålet om "gratis" gjeld alle, eller om det framleis skal vere eigendel på kr 50 utan frikort? Eller skal kommunane få dekka alle utgifter gjennom refusjonsordningane?

Vi sendte spørsmåla vidare til FHI og fekk følgjande svar:

- *Pasienter i risikogruppene som vaksinerer seg hos fastlegen vil få vaksinen gratis men vil måtte betale kr 50 i egenandel hvis de ikke har frikort. Fastlegen vil bli kompensert for vaksinerings fra HELFO. Pasienter i risikogruppene som vaksinerer seg på kommunalt organisert tilbud, skal ikke betale egenandel. Kommunene vil bli godtgjort for sine kostnader ved influensavaksinasjon på samme måte som for koronavaksinasjon.*

<https://www.fhi.no/nyheter/2021/sesongen-20212022-gratis-influensavaksine-til-malgruppene/>

<https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/personer-i-risikogruppene-far-gratis-influensavaksine-i-kommunen/id2871824/>

- *Kommunene har ansvar for å tilby influensavaksine til alle personer i risikogruppene i sin kommune. Kommunen har også ansvar som arbeidsgiver å tilby vaksine til målgrupper de har arbeidsgiveransvar for, for eksempel helsepersonell med pasientkontakt. Kommunene får vaksiner gratis fra Folkehelseinstituttet og skal ved henvendelse fra private arbeidsgivere til personer i målgruppene, avgi gratis influensavaksinedoser. Private arbeidsgivere selv dekke utgifter til vaksinerings.*

<https://www.fhi.no/nettpub/vaksinasjonsveilederen-for-helsepersonell/vaksinasjon/influensa/#ansvarsforhold>